

ÅRSMELDING 2006

E-post: postmottak@auustevoll.kommune.no
Web: www.auustevoll.kommune.no

GENERELT

AUSTEVOLL KOMMUNE

5392 Storebø

Tef. 5508 1000
Fax. 5508 1001

Viktige telefonnummer

- Brann 110
- Lensmann 112 / 56180135
- Legevakt/ døgnvakt
heimesjukepleie 56184411

Detaljert årsmelding frå
avdelingane vert lagt fram for
kommunestyret som vedlegg til
denne meldinga.

Alle tal i 1000 kroner.

SENTRALADMINISTRASJONEN 2006.

Organisering

Sentraladministrasjonen har vore organisert med avdelingar (offentleg servicekontor, kommunekassa m.m) med kontorsjef som etatssjef. Hausten 2006 blei sentraladministrasjonen omorganisert for å styrkje økonomifunksjonen i kommunen. Stilling som kontorsjef vart lagde ned og ny stilling som økonomisjef vart oppretta. Steinar Hole gjekk over frå å vere kontorsjef til å bli kommunen sin økonomisjef og leiar av det nye økonomikontoret. Kontoret vart styrkt med 75% stilling. Omorganiseringa har gått på kostnad av overordna styring og saksbehandling, men har vore nødvendig for å styrkje økonomifunksjonen i kommunen.



Økonomisk resultat

Det vart i 2006 nytta brutto omlag 235,2 mill kroner til drift av kommunen si verksemd. Av dette utgjer finansutgiftene 22,7 mill. kroner. Netto driftsutgifter om lag 151,2 mill. kroner. Det er 1,5 mill. kroner lågare enn netto driftsbudsjettet.

For første gong på fleire år syner Austevoll kommune sitt rekneskap overskot. Overskotet er på godt 4,2 mill. kroner. Det er då føreteke tapsavskrivningar/-avsetningar og korrigeringar i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk med om lag 1,0 mill. kroner. Ein del er gamle forelda krav. Brutto driftsresultat er på 12,2 mill. kroner. Det vil seia 5,5 % av driftsinntektene. Netto driftsresultat er på omlag 7,5 mill. kroner. Dette utgjer 3,4 % av driftsinntektene, noko som er eit tilfredsstillande resultat. At resultatet av sjølve drifta vart så bra har samanheng med auka skatteinntekter i forhold til budsjettet på om lag 4,5 mill. kroner, men og at etatane samla ikkje har brukt meir pengar enn dei har fått tilrådelde. Overskotet skriv seg såleis frå

auka skatteinntekter. Drifta av Austevoll kommune har dermed gått om lag i balanse. Finansutgiftene vart høgare enn rekna med, først og fremst renteutgiftene, p.g.a. auka renta. Netto finansutgifter vart og høgare enn budsjettet. Dette fordi inventeringar vart finansiert over drifta i form av momskompensasjon. Dette har heile tida vore ein føresetnad som det er teke høgde for.

Brutto driftsutgifter syner ei overskriding på 12,2 mill. kroner. Dette er pengar som i hovudsak vert formidla gjennom kommunen til private barnehagar og spelemidlar til idrettslag m.m. Dette vert dekkja inn ved auka driftsinntekter.

Det vart i 2006 nytta om lag 39,9 mill. kroner til sentrale styringsorgan og fellesutgifter. Driftsinntektene utgjer om lag 18,9 mill. kroner.

Oppsamla underskot

Austevoll kommune har ved utgangen av 2005 eit oppsamla underskot på ca 45 mill. kroner.

Austevoll kommune er derfor registrert i ROBEK- registeret. Kommunen arbeider med tiltak for å koma seg ut av lista. Tiltak som det vert arbeidd med og no er gjennomført er omorganiseringar og reduksjon i talet på stillingar. I h.h.t. kommuneloven skal eit underskot nedbetalast på maks 4 år. Så lenge vi er registrert i ROBEK, har kommunestyret innskrenka økonomisk fridom. Rådmannen er av den oppfatning at Austevoll kommune ikkje bør redusere meir på aktiviteten. Det einaste alternativet vil då vere å auke inntektene for å kome ut av ROBEK innan tidsfristen på 4 år. Utan å innføre eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader, kan ikkje rådmannen sjå at kommunen vil kunne kome ut av ROBEK på svært mange år.

Investering

Kommunen har investert for 19,0 mill. kroner i 2006. Av investeringstiltaka var kunstgrasbana i Bekkjarkvik den høgaste med 12,5 mill. kroner. Banen vart teken i bruk sommaren 2006. Banen er finansiert ved spelemidlar og private gaver. Kommunen sin del har vore momskompensasjon. Kunstgrasbane på Austevoll idrettsanlegg vart og gjort ferdig i 2006, med ein investering det året på 1,5 mill. kroner. Til skuleføremål er det i 2006 investert for 4,4 mill. kroner. Av dette til Austevoll ungdomsskule 3,8 mill. kroner.



Sjuefråver

Sjuefråveret var på 9% i 2006. Dette er ein auke frå 2005 då fråveret var på 7%. Rådmannen har i samarbeid med NAV sett fokus på sjuefråveret ved å opprette eit prosjekt med mål å få ned sjuefråveret. Prosjektet er retta mot pleie- og omsorgssektoren, der sjuefråveret er spesielt høgt.

Likestilling:

Austevoll kommune har til saman 340 tilsette.. Det er 67 menn og 273 kvinner. Spesielt er det ei stor overvekt av kvinner innanfor pleie og omsorg. Kommunen har dei siste åra satsa mykje på å få auka kompetansen innanfor desse yrka. Leiarlønningar innanfor kvinnedominerte yrke har lege lågt. Ved lønnsoppgjeret i 2006 er dette blitt utjamna noko.

Toppleiargruppa består berre av menn.

Kva mål har vi oppnådd:

- Oppnådd reell balanse i drifta
- Vedteke ny kommuneplan.
- Rask handsaming av dei fleste dele- og byggesaker.
- Reguleringsplanar – det har vore arbeid med 57 planer, 6 er godkjent i 2006.
- Kommunen handsama til saman 261 melding og byggesaker i 2005 og 180 frådelingssaker.

Framtidige mål:

- Nedbetale akkumulert underskot.
- Gjennomføre brukarundersøking på offentleg servicekontor.
- Nye reguleringsplanar
- Halda eit høgt servicenivå
- Rask handsaming av saker

- God rettleiingsteneste

Politisk leiing (sentrale styringsorgan):

- Kommunestyret
- Ordførar Helge Andre Njåstad (Frp)
- Varaordførar Edvard Johannes Stangeland (SP)
- Formannskap
Ordførar Helge Andre Njåstad (Frp).
- Planutval leiar Helge Andre Njåstad (Frp)
- Administrasjonsutval leiar Helge Andre Njåstad (Frp).
- Arb.miljøutval leiar Rolf E. Nøstdal
- Kontrollutval leiar Øystein Rabben (H)

Sentraladministrasjonen:

- Rådmann Rolf E. Nøstdal
- Økonomisjef Steinar Hole.
- Brannsjef John Levi Weløy.
- Leiar Offentleg servicekontor Lars Erling Horgen.

Tenester;

- Saksbehandling.
- Sentralbord /informasjon.
- Sekretærarbeid.
- Kommune-/kystsoneplan.
- Reguleringsplanar
- Økonomisk plan/ årsbudsjett.
- Sekretærarbeid for utval.
- Løn- og personalarbeid.
- Kommune-/skatterekneskap.
- Inn og utbetalingar.
- Rekningsarbeid/innkrevjing
- Landbruk- /miljøarbeid.
- Tiltaksarbeid- /reiseliv.
- Kommunehus.
- Kommunale bustader.
- Kommunale vegar m.m.
- Edb.
- Valarbeid.

Målsetjing for undervisnings- og kultursektoren:

”Kommunen har som målsetjing at den levande kystkulturen og lokale tradisjonar skal vera tydelege i elevane sin skule- og barnehagekvardag gjennom teori, praktiske aktivitetar, bedriftsbesøk og samarbeid med næringsliv og frivillige lag”.

Aktivitet:

2006 var eit godt arbeidsår for undervisnings- og kultursektoren trass i vanskeleg økonomi.

Dette skuldast stor innsats av tilsette og godt samarbeid mellom einingane og mellom einingane og brukarane. Skulane og barnehagane gjev borna og vaksne brukarar gode pedagogiske og sosiale tilbod. Dei ulike einingane har arbeidd mot og nådd planlagde pedagogiske målsetjingar. Også med nye planar, Kunnskapsløftet og ny barnehageplan, vert mykje godt arbeid nedlagt. Sektoren har søkt felles løysingar og ser ut til å lukkast med det.

Våren 2006 var alle lærarar og assistentar på to dagar samling i Haugesund der Kunnskapsløftet var tema. Skulevurdering igangsett av Midthordland skule- og barnehageregion heldt fram med vurdering av Selbjørn skule og Eidsbøen ungdomsskule i vårhalvåret. Matematikkprosjektet har halde fram og ser ut til å gje gode resultat, som satsinga på lese- og skriveopplæringa også har gjeve. Skulane og barnehagane har fylgt opp prosjekta på ein svært god måte. I barnehagar er det også sett i gang arbeid i matematikk.

Det er ”kort veg” mellom PPT-tenesta og brukarane. Tilbakemeldingar fortel at

brukarane set pris på tenesta slik ho fungerer. I 2006 hadde PPT 34 nyoppmeldingar, 7 i førskule- og 27 i grunnskulealder. Kontoret hadde 1.200 kontaktar med elevar/førskuleborn i løpet av året.

Samanslåing av ungdomsskulane har gått bra sjølv om dei fysiske rammene ikkje er på plass. Elevane har tilpassa seg situasjonen på ein god måte og lærarane frå både skulane har som venta, synt stor profesjonalitet. Så pass store endringar har kravd sto innsats på alle nivå.



I Austevollhallen er stor aktivitet særleg innafor ballaktivitetar. Ny klatregruppe har vore suksess.

Biblioteka har gode utlånstal. Biblioteket er blitt flytta til lokale i Austevoll ungdomsskule. Mykje av året har gått med til flytting og ominnreiding. 2007 vil kunna fortelja oss om plasseringa vil ha positiv verknad på besøks- og utlånstal.

Næringslivet i kommunen har i mange år vore svært positive til og har støtta opp om kulturaktivitetar og utbygging av anlegg. Svært så gledeleg er det at kunstgrasbane i Bekkjarvik vart klar til bruk hausten 2006.

Det har vore arrangert fleire store kulturarrangement med høg kvalitet der m.a. kulturskuleelevane har synt kva dei duger til. Kommunen har ikkje nådd målsetjinga om rehabilitering av skulane.

Tilsette og brukarar:

Samla er det tilsett på lag 160 personar i faste stillingar i nære på 120 årsverk.

Det er 680 elevar i grunnskulen og 167 gjer seg nytte av kulturskuletilbodet Det kommunale skuleverket har også ansvaret for vaksenopplæring utover det vidaregåande skuletilbodet og norsk med samfunnsfag for innvandrarar. I dei kommunale og private barnehagane er det noko over 200 born.

Ved PPT-tenesta arbeider 2 logopedar i samla 1,2 årsverk og det vert kjøpt psykologtenester tilsvarande 0,5 årsverk.

Kulturarbeidet omfattar m.a. samarbeid med dei frivillige laga, drift av folkebibliotek, drift av idrettsanlegg, kultur-vernarbeid og barne- og ungdomsarbeid. Midlar til desse tiltaka har vore nedprioriterte og følgjeleg har tilboda til barn, ungdoms og svake grupper blitt redusert dei siste åra.

Politisk leiing:

- Utval for undervisning og kultur. Nedlagt våren 2004, oppretta att hausten 2005
- Leiar: Helge Otterå (Frp).

Administrasjon:

- Skulesjef
Karl Johan Haugland.
- Pedagogisk konsulent Janfrid Strømme.
- Leiar i PPT-tenesta
Knut Lundekvam.
- Biblioteksjef
Laila Blindheim.

Skular:

- Selbjørn skule - 161 elevar, vår 109 elevar haust.
Rektor Trygve Fjeld.
- Møkster skule -9 elevar.
Adm.lærer: Mona Mørk.
- Trolandshamar skule. - 65 elevar.
Rektor Atle S. Hansen.
- Storebø skule - 192 elevar.
Rektor Bjørn Kristian Bjånesøy.
- Eidsbøen ungdomsskule

- 161 elevar, vår. 215 elevar haust.
- Rektor Liv Margareth Østervold
- Kolbeinsvik skule -52 elevar.
- Rektor Asbjørg Aasebø.
- Vinnes skule - 37 elevar.
- Rektor Thomas Johnson.
- Vaksenopplæringa. - 45 elevar.
- Rektor Vivi Haraldseid.
- Austevoll kulturskule - 167 elevar: - 138 i musikk, 22 i dans, 1 i media og 6 i teikning/måling
- Rektor Audun Alvsåker.

Barnehagar

- Fagertoppen barnehage - 25 born. Overtaken av Trygge barnehager frå 16.08.06.
- Styrar Katja K. Djupevåg.

Viktige mål:

- Leggja til rette gode fysiske miljø for brukarar og tilsette i barnehage og skule.
- Arbeida med lokalt utviklingsarbeid; kystkultur, lokalhistorie, elev- verksemdar m.m.
- Leggja til rette for gjennomføring av lese- og skriveopplæringsprosjekt i skule og barnehage.
- Satsa spesielt på matematikk.

- Småtun barnehage - 40 born.
- Styrar Laila K. Haugland.
- Småstril barnehage - 38 born. Overtaken av Trygge barnehager frå 16.08.06.
- Styrar Anita Njåstad.

Økonomi.

I 2006 vart det nytta 59,727 mill kr netto til drift av skular, barnehagar og kulturføremål. Budsjettet var på kr 58,408 mill. Grunnskuletilbodet var i balanse; - brukt kr 50,4 mill av budsjett på kr 50,6. Stort overforbruk i barnehagesektoren; - brukt kr 3,3 mill av eit budsjett på kr 1,6 mill. Her vil forbruket truleg halda fram med å stiga sjølv om barnetalet går ned. Grunna

- Arbeida for å halda ved like og vidareutvikla kompetansen til personalet.
- Arbeida vidare med vurderingsprosjektet i regionen.
- Vidareutvikla samarbeidet mellom barnehage, grunnskule og vidaregåande skule.
- Arbeida for å skapa gode, trygge og stabile tilhøve for brukarar og tilsette.

mykje omorganisering er tala for 2007 førebels usikre. Også bibliotektenesta brukte for mykje midlar i høve til budsjett. Dette skuldast m.a. flytting av bibliotek og etterslep av husleige for 2005.

Undervisnings- og kultursektoren har redusert tilboda mykje i 2006 og tilsette har måtta "springa fortare". Sektoren burde vorte styrkt med fleire pedagogiske og administrative årsverk

Det er godt merkbar for skuleverket at midlar til læreverk m.m. er sterkt nedprioritert. Ustabilitet i elevnettet er også resultat av manglande løyvingar til skuleverket. Sjølv med auka midlar til kommunesektoren, ser skuleverket att lite av denne auken. Skal Kunnskapsløftet gjennomførast på ein god måte, må dette også prioriterast økonomisk.

- Satsa vidare på fysisk fostring og arbeida mot skulemåltid som ei fast ordning.
- Arbeida for, gjennom tilrettelegging og økonomisk støtte, at dei frivillige laga kan driva aktivitetane sine.
- Gje barn og unge meir varierte fritidstilbod.

HELSE OG SOSIALETATEN 2006.

Målsetjing

Kommuneplanen har følgjande overordna målsetjing:

Helse- og sosialetaten skal gje innbyggjarane best moglege helsetenester og sosialtenester innanfor dei økonomiske og personellmessige ressursrammene som kommunestyret fastset.

Tenestetilbodet skal vera på eit

forsvarleg nivå ut frå gjeldande reglar i lover, forskrifter og overordna målsetjingar.

For å kunne yta gode helse- og sosialtenester er kommunen avhengig av tilstrekkelig kvalifisert personell. Rekruttering av helsepersonell vert difor ei viktig oppgåve i planperioden.

Tenester

Helse- og sosialtetaten opplevar eit aukande behov for ulike

tenester. Det vert stilt større og større krav til standard og kvalitet. Samstundes har ein avgrensa økonomiske og personellmessige ressursar.

Innbyggjarane får eit omfattande tenestetilbod innan ulike område som kommunen har ansvaret for.

- Legeteneste/legevakt.
- Fysioterapi.
- Jordmorteneste.
- Helsestasjon/skulehelse-teneste.



- Psykiatrisk sjukepleie-teneste.
- Psykologteneste
- Kriseteam.
- Heildøgnsbasert heime-sjukepleie
- Heimehjelp/vaktmeister-teneste
- Matombringning.
- Omsorgsløn
- Avlastning.
- Støttekontakt
- Brukarstyrt personleg assistent
- Individuell plan
- Sjukeheimar, omsorgsbustader, bufellesskap
- Dagsenter/arbeidstrening.
- Tryggleiksalarmar/vakt-sentral.
- Sosial rådgjeving
- Økonomisk sosialhjelp
- Barnevern.

Kapasitet/talet på brukarar.

I juni månad 2006 var det tilsaman 285 registrerte brukarar av pleie- og omsorgstenestene.

Det meste av tida var det fullt belegg dvs. 52 pasientar ved Storebø pleie- og omsorgsenter og Selbjørn pleie- og omsorgsenter. Her tilbyr kommunen døgnkontinuerlege pleie- og omsorgstenester på sjukeheimsnivå.

Kommunen har også 51 moderne omsorgsbustader. Av desse vert 31 i hovudsak nytta innan eldreomsorga. Over tid er det fullt belegg i desse bustadene, men i periodar kan 1-2 bustader stå ledig.

Stort sett er kapasiteten for tida i samsvar med behovet når det

gjeld langtidsplassar. Men det kan vera periodar der det er større press på å få sjukeheims plass eller enn det ein kan imøtekoma. Då må ein stå på "venteliste". Særleg kan det frå tid til anna vera vanskjeleg å få korttidsplass og/eller avlastningsplass. Vi har for tida ingen tilbod om dagplassar, noko som er eit problem for heimebuande. Det er også slik at det til tider kan vera vanskjeleg å imøtekoma spesielle behov eller ønskje m.o.t. på kva avdeling ein vil/bør få plass.

Ved Eidsbøen bufellesskap tilbyr kommunen praktisk bistand, opplæring og heimesjukepleie til psykisk utviklingshemma etter individuelt behov. Ved bufellesskapet er det stasjonær bemanning heile døgeret.

Kommunen har for tida ikkje ei eiga avlastningsbustad for m.a. heimebuande utviklingshemma. Dette er eit stort problem, fordi det er fleire som no har behov for ein slik avlastningsbustad.

Kvalitet på tenestene.

Kommunen har ikkje systematisk innhenta data for tenestekvalitet. I 2004 vart det gjennomført ei brukarundersøking gjennom intervju med brukarar av heimetenester og sjukeheimstenester, og deira pårørande. I denne brukarundersøkinga kom det fram at i store trekk var brukarane og deira pårørande på det tidspunktet godt nøgd med dei tenestene dei fekk.

Det har ikkje vore gjennomført undersøkingar mellom medarbeidarane i tenesta om kva dei synest, så der har ein ikkje systematisk informasjon.

Helse- og sosialsjefen vurderar det slik at kvalitetsbiletet innan eldreomsorga er svært nyansert. Generelt kan ein sei at det gjennomgåande er slik at tenestemottakarane sine

basisbehov vert dekkja, dvs. nødvendig pleie, medisinsk behandling, hygiene og heilt nødvendig praktisk bistand og tilsyn. Avvik her skal fangast opp av internkontrollsystemet.

Det vi veit, er at fysioterapitilbodet ikkje har vore tilfredsstillande dei siste åra. Dette skuldast rekrutteringsproblem. Vidare har det i periodar, t.d. under ferieavvikling samt høgt sjukefråver vore problematisk å få dekkja inn vakter med nok fagpersonell.

Når det gjeld sosial stimulering og aktivisering, så er tilbodet avgrensa. Aktivitetstilbodet er t.d. svekka ettersom aktivitørstillingane ved pleie- og omsorgsentra vart inndregne. Innan heimetenestene er det usikkert kva effekt reduksjonen av talet på ambulerande nattevakter frå 2 til 1 har fått m.o.t. kvalitet. Men at reduksjonen har hatt negativ inverknad på tenestekvaliteten totalt sett er det liten tvil om.

Tiltakskjeden for heimebuande er heller ikkje av tilfredsstillande kvalitet så lenge ein som nemnt ikkje kan tilby dagplasser.



Austevoll kommune har bygningsmessig kapasitet til å tilby enkeltrom (52) til alle av dei som får tildelt plass, og som ønskjer enkeltrom. Men ved demantavdelinga ved Selbjørn pleie- og omsorgsenter kan vi for tida likevel ikkje tilby enkeltrom til dei 8 pasientane der, fordi det ville krevja auka bemanning

utover den ressursrammen ein i dag har.

Vi har i dag 2 spesialavdelingar ved institusjonane. Dementavdelinga på Selbjørn med 8 plassar og psykiatriisk avdeling på Storebø med 8 plassar. Desse avdelingane skal i utgangspunktet ha ei forsterka bemanning og ei bemanning med spesialkompetanse. Men det er i dag eit spørsmål om vi greier å oppretthalde den nødvendige standarden i så måte.

Brukarar av sosial- og barneverntenesta og ein del samarbeidspartnarar, opplever nok at denne avdelinga grunna for lav grunnbemanning ikkje greier å følgja opp alle sakene på ein god nok måte. Det er dei akutte sakene innan sosialhjelp og barnevern som har høgaste prioritet, og anna rådgjevsarbeid mv. må skyvast ut i tid.

Den nasjonale opptrappingsplanen for psykisk helse vert følgt opp i Austevoll gjennom ein eigen psykiatriplan og handlingsplan. Det er etterkvart bygd opp eit godt tilbod til personar med psykiske lidingar.

Produktivitet/effektivitet.

Det er gjort ulike utgreingar og analyser av ressursbruken innan eldreomsorga. Det er sett i verk ein del innsparingstiltak som følgje av desse analysene og det behovet kommunen har for å redusera driftskostnadene. Vi bør vidareføre arbeidet for å få målt ”produktiviteten”.

Av spesielle tilhøve vert nemnt at det frå 01.01.2006 vart gjort ei endring i driftsforma ved Selbjørn pleie- og omsorgsenter, ved at 12 plassar vart omgjort til omsorgsbustad/rom. Føremålet var å spare pengar. I praksis får bebuarane det same pleietilbodet som tidlegare, men betalingsordninga er endra.

Endringa skapte ein del uro m.a. hos pårørande.



Det vart og i 2006 føreteke ei reduksjon i timesatsane for støttekontakt og omsorgsløn.

Innan legetenesta vart det i periodar av året sett inn ekstra ressursar for å sikra god nok tilgjengelighet. Likeeins måtte ein setja inn ekstra ressursar for å imøtekoma eit aukande behov for fysikalsk behandling særleg for funksjonshemma born.

Meir detaljert informasjon om verksemda finn ein elles i årsmeldingar frå dei ulike avdelingane.

Organisasjon og personale

Helse-og sosialsjef Arve E.Sunde har på vegne av rådmannen det overordna administrative, økonomiske og faglege ansvaret for verksemda. Stillinga som pleie- og omsorgsleiar har stått ledig i lengere tid, noko som har svekka etatsleiinga. Men frå 2007 er det tilsett ny medarbeidar, som går inn i stilling som rådgjevar og stedfortredar for helse- og sosialsjef.

I 2006 vart det føreteke ei reduksjon i talet på leiarstillingar innan pleie- og omsorgstenestene. I samband med dette fekk ein avdelingsleiar i kvar sone ansvaret for både heimetenestene og institusjonstenestene.

Som eit innsparingstiltak vart aktivtørstillingane (1,5 stilling) midlertidig inndrege i 2006.

Etter ei sterk satsing på rekruttering gjennom kompetanseheving har andelen tilsette med fagutdanning innan pleie- og omsorgstenestene auka.

I 2005 hadde 77% fagutdanning, mot 65% i 2003. Andelen med fagutdanning ligg no over gjennomsnittet for kommunane i Hordaland og landsgjennomsnittet.

Kommunen har teke i bruk fagprogrammet PROFIL innan pleie- og omsorgstenestene, og som ein integrert del av dette, det nasjonale individbaserte statistikkssystemet IPLOS. Ein legg til grunn at arbeidet med å ta i bruk desse systemene vil pågå også i 2007.

Økonomi

Det vart nytta 84,9 mill. kroner til drift av helse- og sosialtenester til innbyggjarane i Austevoll i 2006. Dette er 1,4 % auke frå 2005, då det vart nytta 83,7 mill. kroner.

Budsjettet for 2006 var på 84,6 mill. kroner, og rekneskapen syner ei etter måten minimal overskriding av brutto driftsbudsjett på 0,4 %, dvs 335.000 kroner.

Netto driftsutgifter var på 65,2 mill. kroner, mot budsjettet 67,5 mill. kroner. Resultatmessig har etaten dermed ei netto innsparing i forhold til budsjett på 2,3 mill. kroner, eit budsjettavvik på 3,4%.

Innsparingane skuldast at ein har hatt større inntekter enn budsjettet. Det er særleg sjukepengerefusjonar som har gjeve betydeleg høgare inntekter enn føresett.

Politisk leiing:



- Utval for helse og sosial
Leiar Bjarte V. Notnæs
(KRF)

Austevoll kommune - driftsrekneskap 2006

Tal i 1000 kroner

	Budsjett 2006			Rekneskap 2006		
	Brutto drifts utgifter	Inntekter	Netto	Brutto drifts utgift	Inntekter	Netto
1.1 Sentraladministrasjonen, fellesutgifter.	42.925	18.570	24.356	39.928	18.931	20.997
1.2 Undervisning og kultur	76.450	18.042	58.408	88.531	28.754	59.776
1.3 Helsevern og sosial omsorg	84.603	17.116	67.487	84.938	19.764	65.174
1.5 Diverse	2.384	0	2.384	5.205	0	5.205
Sum 1.1 - 1.5	206.362	53.728	152.635	218.602	67.449	151.152
Investeringar		10.890			19.042	

Brutto driftsutgifter



Brutto inntekter

